



Smedsvig Landskapsarkitekter AS
Øvre Korskirkesmauet 2B
5918 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1173 - 19/9496

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
Madeleine.Fonnes.Aase@radoy.kommune.no

Dato:
13.06.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 45/1 Manger

Tiltak: Badeplass Nesvatnet
Byggjestad: Gbnr: 45/1
Tiltakshavar: Radøy kommune
Ansvarleg søkjar: Smedsvig Landskapsarkitekter AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.05.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan samsvarar ikkje. Ber om at den vert oppdatert i henhold til erklærte ansvarsrettar.
2. Kan ikkje sjå det er erklært ansvarsrett for SØK, finn det heller ikkje i gjennomføringsplan.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 04.07.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1/forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Madeleine Fonnes Aase
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Smedsvig Landskapsarkitekter AS

Øvre
Korskirkesmauet
2B

5918

Bergen